

Info Vestbrygg ølsett

Alle tala er ca tal og avvik kan forekomme. Ein må også tilpasse tildømes koketid til ditt oppsett.

Forklaring til forkorting:

OG(Original Gravity): Startvørterstyrke, sukkerinnhald i vørter før gjæring.

FG(Final Gravity): Sluttvørterstyrke, sukkerinnhald etter gjæring.

Vol: Alkohol% i ølet. Utrekna med å dividere differanse mellom OG og FG på 7,6.

IBU: International bittersnes unit. Bitterheita i ølet målt på ein skala.

EBC: Skala for måling av farge på ølet.

Mesketemperatur er temperaturen ein nytte når ein meske. Varm meskevatnet litt over ønska mesketemp slik at ein treff riktig når ein blande inn malten. Nytt 2,5 til 3L vatn /pr kg malt til mesking. Etter meskinga er ferdig (60-90 min) skal ein skylle malten med med litt varmare vatn(ca 75-78 grader) til ein når kokevolumet. Sjå gjerne eksempel*.

Kokevolumet er startvolumet ved koking.

Dette er det totale volumet av avtrekk frå mesking og skyljing. Kokevolumet er justert etter mengde avdamping og koketid. Dette volumet er vegleiande og kan tilpassast ditt oppsett.

Koketida variere normalt mellom 60 og 90 min. Når ein tilsett humle rekne ein tilsetting ved resterande koketid. Ei humle som er notert med 5min skal tilsetjast 5min før kokeslutt. Ei humle markert med 0min skal tilsetjast ved kokeslutt. Ei humle merka «tørrhumle», skal tilsetjast rett i gjæringsbøtta.

Sluttvolumet er talet som står bak namnet på ølsetta(22-25L). Dette er mengde ferdig kokt vørter i kjelen etter koking.

Gjæringstemperatur er anbefalt temperatur inne i gjæringsbøtta under gjæring. Under dei første dagane med gjæring vil ein kunne oppleve att temperaturen er 4-5 gradar varmare enn i rommet. Ein anbefale derfor å ha ølet ståande litt kaldare enn anbefalt gjæringstemp desse dagane. Deretter gjerne litt varmare ut gjæringstida. Nytt gjerne eit

klistre-termometer utanpå bøtta for å vite kva temp det er oppi den.

*Eksempel på utrekning av meskevatn og skyljevatn ved bruk av meskepose.

Vestbrygg Am.Pale Ale 25L inneheld 5 kg malt.

Meskevatn= $5(\text{kg}) \times 3\text{L vatn} = 15\text{L vatn til mesking}$ (varm til ca 71 grader), rør inn malt og treff 66 grader. Lat stå i 60 min.

Skyljevatn= Malten vil stele med seg 0,8L /kg malt. Noko som utgjer 4L veske tapt i malt. Då sit ein igjen med 11 L etter malten er fjerna. Ein treng då skyljevatn for å nå kokevolumet på 28L. $28 - 11 = 17\text{L skyljevatn}$. Enklaste måte for å skylle med meskepose er å helle skyljevatnet i ei gjæringsbøtte og legge posen oppi i 15-20 min. Bland så meskevatn og skylle vatn og kok.



VESTBRYGG



Ein frisk og lett Pale Ale som vil treffe de fleste ganer.

Gjæring: 14dagar på 19 grader

OG: 1.050

FG: 1.012

Vol: 5%

IBU: 33

EBC: 14

Maltmengde: 5,7kg Pale Malt, og Pale Crystal

Humle: Citra og Centennial

Mesking: 66 grader i 60 min Kokevolum 27L Koketid 60 min

